

KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/16/18

av 12. oktober 2006

om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av bly i krystallglas, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga(*)

[meldt under nummeret K(2006) 4789]

(2006/690/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2002/95/EF krevst det at Kommisjonen vurderer visse farlege stoff som er forbodne i medhald av artikkel 4 nr. 1 i det nemnde direktivet.
- 2) Krystallglas har i aukande grad vorte nytta til dekorasjon på elektrisk og elektronisk utstyr. Eftersom rådsdirektiv 69/493/EØF av 15. desember 1969 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om krystallglass⁽²⁾ fastset kor høyt blyinnhaldet i krystallglas skal vere, og fordi det ikkje er teknisk mogleg å byte ut bly i krystallglas, er det uråd å unngå bruk av dette farlege stoffet i særskilde materiale og komponentar som er omfatta av direktiv 2002/95/EF. Desse materiala og komponentane bør difor få unntak frå forbodet.
- 3) Nokre av unntaka frå forbodet bør for visse materiale eller komponentar ha eit avgrensa verkeområde, slik at bruken av farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr kan avskaffast gradvis etter kvart som desse stoffa vert bytte ut med andre stoff.
- 4) I medhald av artikkel 5 nr. 1 bokstav c) i direktiv 2002/95/EF må kvart unntak i vedlegget vurderast på nytt minst kvart fjerde år eller fire år etter at eit punkt vert lagt til i lista.

- 5) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.
- 6) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt dei partane som det gjeld.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF⁽³⁾—

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF skal nytt nr. 29 lyde:

«29. Bly som er bunde i krystallglas slik det er definert i vedlegg I (kategori 1, 2, 3 og 4) i rådsdirektiv 69/493/EØF(*)»

(*) TEF L 326 av 29.12.1969, s. 36. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 2003.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 12. oktober 2006.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 283 av 14.10.2006, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 7/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 33, 12.6.2008, s. 12.

⁽¹⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2006/310/EF (TEU L 115 av 28.4.2006, s. 38).

⁽²⁾ TEF L 326 av 29.12.1969, s. 36. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽³⁾ TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.